



Vedtekter for bruk av torg og friområde i Fjord kommune

1 Innleiing

Fjord kommune skal legge til rette for aktivitetar for innbyggjarane i alle aldre. Markeringar, politiske ytringar, små og store konsertar og torg- og markedshandel kan bidra til å skape gode sosiale møteplassar i bygdene.

1.0 Revidering av vedtektene

Vedtektene vedtakast av kommunestyret. Torgvedtektene forvalta av kommunedirektør i Fjord kommune. Kommunedirektøren kan innafor rammene i desse vedtektene fastsette detaljerte føringar om utleie om det vurderast som ønskeleg, for å sikre ein god forvaltning og handheving av denne vedtekta.

2 Generelle reglar for sal og aktivitet

Det er generelle retningslinjer som er gjeldande for all bruk på offentlig grunn i Fjord kommune til aktivitetar som standplassar, torghandel, foodtrucks, mobile salsvogner og arrangement.

1. Alle som skal nytte offentlig grunn til arrangement må søke Fjord kommune om arealtillating. Med arrangement meinast aktivitet som er av underholdningsmessig, kunstnerisk, politisk eller kommersiell art, over eit på forhand avtalt og begrensa tidsrom og areal. Det må søkjast om tillate for kvar gong arrangementet finn stad.

For torg- og markedshandel og stands skal ein søkje om å få leige salsplass eller stand-plass.

2. Søknad for mindre arrangement skal sendast Fjord kommune minimum 2 veker i forkant. For større arrangement, minimum 4 veker i forkant.
 - Arrangør/seljar er sjølv ansvarleg for å innhente alle andre tillate som krevjast, som til dømes
 - Serveringsbevilling
 - Skjenkebevilling
 - Søknad om bål til brannvesenet
 - Mattilsynet
 - Melding til politiet
3. Aktiviteten skal ikkje vere til hinder for allmenn ferdsel, varelevering og utrykkingskøyretøy.
4. Det gis ikkje tillate til bruk av torg og friområder til private arrangement som til dømes firmafester og bryllaupsfest.
5. Arrangør har ansvar for at arrangement på offentlig grunn er, så langt som mogleg, tilgjengeleg for alle. Dette gjeld både med tanke på universell utforming og at arrangement er opne for alle grupper.
6. Alle som har aktivitet eller sal på torget skal sørge for å halde området reint og ryddig under og etter bruk, og rydde avfall som genererast av virksomheita i ein radius på 20 m frå oppstillingsplassen.
7. Bruk av elektrisk utstyr tilkopla kommunens anlegg må til ein kvar tid tilfredsstille gjeldande forskrift.
8. Arrangement/aktivitetar der det er bruk av høgtaler/forsterkar skal avsluttast seinast kl. 23.



Denne type arrangement skal også meldast til politiet i forkant. Er dette godkjent må også varsel sendast til naboar.

9. Framleige av plasser er ikkje tillat.
10. Den som trass i oppmoding ikkje følgjer reglane, kan bli vist bort frå plassen av den som har gitt løyve, og kan også bli nekta torgplass seinare.
11. Avslag på søknad og tilbakekalling av løyve kan klagast til formannskapet.

3 Torg- og markedshandel

Særskilte reglar for torg- og markedshandel:

1. Opningstid er måndag – laurdag kl. 08:00 – 20:00 inkludert riggetid. Søn- og heilagdager kl. 13:00 – 20:00.
 - a. 17. mai blir regulert særskilt kvart år.
 - b. Når særlege forhold eller arrangement gjer det ønskeleg, kan kommunen einskilde dagar innskrenke/forlenge salstidene eller heilt forby torg- og markedshandel.
2. I Fjord kan ein leige salsplass per dag, veke eller månad (inntil 3 månader). Ny søknad må sendast før frist.
3. Telt og salsvogn skal forskriftsmessig sikrast slik at dei ikkje forårsaker skade på mennesker, bygningar eller anna.
4. Kjøretøy som ikkje vert nytta som ein del av salsplassen, kan ikkje parkerast på torget.
5. Salsplassane blir ikkje tilgjengeleg under arrangement eller festivalar om det ikkje er avtalt med arrangør.
6. Vogn, telt og boder skal ryddast bort ved slutten av dagen. Området rundt skal vere reint og ryddig.

4 MATVOGN/MOBILE GATEKJØKKEN

1. Frå matvogner/mobile gatekjøkken skal det kun selgast mat- og drikkevarer. Det er ikkje tillatt å selje alkoholholdige drikker og tobakk.
2. Opningstid er måndag – laurdag kl 08:00 – 20:00 inkludert riggetid. Søn- og heilagdager kl. 13:00 – 20:00
 - a. 17. mai blir regulert særskilt kvart år.
 - b. Når særlege forhold eller arrangement gjer det ønskeleg, kan kommunen einskilde dagar innskrenke/forlenge salstidene eller heilt forby matvogner/mobile gatekjøkken.
3. Salsplass kan leigast per dag, veke eller månad (inntil 3 månader). Ny søknad må sendast før frist.
4. Den enkelte motor/salsvogn skal tilfredsstille alle myndighetskrav, også frå Mattilsynet.
5. Kontrakt blir tildelt etter søknad. Det blir primært lagt vekt på konsept/variasjon i meny, sekundært kan design/utsjånad på motor/salsvogn inngå i vurdering.
 - a. Ved plassmangel har dei som sel varer frå eigen produksjon og som er frå Fjord kommune førsterett til plass.
6. Ved månadsleige stillast det som krav at plassane skal vere i bruk minst 4 av vekens dagar i sommarsesong og minst 2 dagar i vinterhalvåret.
7. Salsplassen blir ikkje tilgjengeleg under arrangement eller festival om det ikkje er avtalt med arrangør.



8. Kjøretøy som ikkje vert nytta som ein del av salsplassen, kan ikkje parkerast på torget.

5 STAND-PLASSAR

1. Standplassar i sentrum: Stordal og Valldal.
2. For valkamp annakvart år vil politiske parti bli prioriterte ved tildeling av plassar for ein periode på ein månad før valet.
 - a. Dersom dei ikkje blir nytta til valkamp, kan dei bli nytta av andre som vanleg.
3. Ein standplass kan reserverast for inntil fire dagar av gongen av følgjande aktørar eller tilsvarande:
 - a. Kommersielle aktørar for sal og markedsføring av tenester, forbruksvarer og medlemskap.
 - b. Ideelle- og veldedige organisasjonar.
 - c. Politiske parti (med unntak av valkamp, då følgjer eigne prosedyrar).
4. Same organisasjon kan kun nytte ein standplass om gongen.
5. Aktivitetane på stands- og salsplassane skal skje innafor tildelt plass. Beachflagg og anna møblering skal vere innafor tildelt plass.
6. Oppsøkande sal er ikkje tillatt. Publikum skal kunne ferdast fritt.
7. Det skal framkome tydeleg kven ein representerer.
8. Telt skal forskriftmessig sikrast slik at dei ikkje forårsaker skade på mennesker eller materielle skader.

6 Plassering

Kommunale reguleringsplanar med vedtekter avgjer kva for offentlege plassar eller delar av offentlege plassar som skal kunne nyttast til torghandel.

7 Søknad

Søknad om torgplass skal skje på fastsett skjema der det skal gå fram kva type varer som skal seljast, kva for arrangement og aktivitet som er planlagt og kva tidsrom det gjeld.

Skjemaet ligg på heimesida til Fjord kommune. Søknaden vert behandla av servicetorget.

8 Torgavgift

Torgavgift vert fastsett av kommunestyret og regulert kvart år.

Fjord kommune tilbyr dagplass og langtidsleige.

Langtidsplass kan ikkje leigast lenger enn 3 månader om gangen. Det må då søkjast på nytt om plass.

Leigetakar skal gje kommunen minst 48 timar varsel dersom plassen ikkje brukast. Avbestilling etter dette vil fakturerast i heilhet til leigetakar.

Prisane finner ein på det elektroniske søknadsskjemaet og på heimesida til Fjord kommune under Betalingssatsar.